

Prestar (mange) med brennande faklar kjem inn på scenen.

Kyrkjetenaren

Dei avlar synd og skam. Elendig pakk.

Ugudelege sognebarn. Jau takk.

Eg kjenner lusa, lastene dei har.

På dommens dag, då vil vår store far

i himmelen, forvise alle desse

som berre dyrkar kjødets interesse.

til helvetet! Dei ynglar fritt som kveg

med alle horene som blottar seg.

For aldri ser eg Sol i kyrkja mi

Og veit du kvifor? Jau, ho er ei heks.

Eg har bevis, eg vitnar meir enn gjerne

disiplane til satan må me fjerne.

Herr Johan

Vi tener Kristus, han som døydde på ein kross

Vi veit om Tengel, han er kjent for oss.

Men det er innfløkt, folket likar han.

Överstepresten

Ja, han er høgt på, viss vi kan

bevise det du seier. Då vil vi

få straffa dei som driv med hekseri.

Herr Johan

Eg reiser meir enn gjerne, om eg får.

For alle her i domstolen forstår

at slike trollmenn passar ikkje inn

i evangeliet. Når troll forsvinn

vil jorda gro. Eg kjenner teikna godt.

Øverstepresten

Så har du Guds apostel då forstått
at Tengel, han er ingen kven som helst?
Men tek du han, då blir vi alle frelst.

Herr Johan

Når kan eg reise.

Øverstepresten

Straks. Men ingen må
nei, ingen som du møter må forstå
ditt ærend, herr Johan. Så la det skje.
Og du, min gode mann. Gå no i fred.